



Notat

Dato: 28.05.2019
Arkivsak: 2017/1167-78
Saksbehandlar: rutornh

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om gjennomføring av Erasmus+ programmet på fylkesbiblioteket

Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune 2013-2016 vart vedtatt av Fylkestinget 11. juni 2013. Prinsippet er at internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle Hordalandssamfunnet. Arbeidet skal vere knytt til fylkeskommunen sine oppgåver – kultur, samferdsel, regional utvikling, opplæring og helse.

Ein av fem strategiar er å vidareutvikle den faglege kompetansen gjennom internasjonal erfaringsutveksling. Det er mykje å lære av korleis regionar i andre land utfører oppgåver lik dei Hordaland fylkeskommune har. Mange organisasjonar og institusjonar i desse regionane har fagleg kunnskap som er relevant for gjennomføringa av våre oppgåver. For å kunne nå vedtekne mål er det viktig at fylkeskommunen legg opp til utveksling av erfaringar og kunnskap med regionar og institusjonar i andre land.

På bakgrunn av dette søkte fylkesbiblioteket om støtte frå Erasmus+ Mobilitet for vaksenopplæring 2017 – 2019. Det vart i to omgangar, til saman, gitt tilsegn på 27 mobilitetar, dvs. at 27 bibliotektilsette i Hordaland har fått tilbod om ulike reiser i Europa dei siste to åra. Totalt var tilskotet på 49 870 Euro.

Prosjektet har to hovudmål:

1. Folkebiblioteka i Hordaland skal bidra til mangfald og integrering ved å utvikle møteplassar og aktivitetar i lokalsamfunna der nordmenn og innvandrarakan møtast på ein likeverdig måte.
2. Bibliotekpersonale skal få økt undervisningskompetanse for å kunne gjennomføre kurs for publikum i nasjonale digitale ressursar. Kursa skal særleg rette seg mot eldre og innvandrarakan.

Det vart søkt om deltaking på europeiske konferansar for å få nye idear og innsikt i "best practice" og å oppsøke bibliotek der ein har spesielle og originale tiltak ved å gjennomføre turar til land som har bibliotek som er forbilde for utvikling (Nederland og Danmark).

Mange bibliotek har få tilsette og ingen mulighet for å reise ut i Europa for å lære av dei beste. Biblioteksjefane har eit svært vidt arbeidsfelt og lite tid til å utvikle nye tenester. Alle tilsette i folkebiblioteka i Hordaland vart inviterte til å vere med på dei ulike tiltaka. Interesse for å delta på studieturane har vore aukande. Deltakarar som er med i relevante prosjekt, eller har planar om å implementere det dei lærer i eige bibliotek, har blitt prioritert. Fylkesbiblioteket har organisert dei fleste tiltaka og har stort sett deltatt med minst en representant.

Val av konferansar og bibliotek som skulle besøkast, har hatt fokus på hovudmåla i prosjektet. Konferansane har hatt eit breitt program, som t.d. World Library and Information Congress IFLA, som har 3-4 000 deltakarar og går over fire dagar. Biblioteka som vart besøkt, er kjende for generelt å ha mykje å vise fram, t.d. biblioteket som vart kåra som verdas beste bibliotek i 2018 i Den Helder i Nederland.

Aktivitetane har fordelt seg slik:

Tid	Tiltak	Land	Deltakarar
August 2017	World Library and Information Congress - IFLA	Wroclaw, Polen	4 deltakarar: fylkesbiblioteket, Bergen Off. Bibliotek (3)
Oktober 2017	International Librarian – konferanse	London, Storbritannia	4 deltakarar: fylkesbiblioteket, Stord bibliotek, Fitjar bibliotek, Bergen Off. Bibliotek
September 2018	Fem dagars studietur til åtte bibliotek	Nederland	8 deltakarar: fylkesbiblioteket (2), Bergen Off. Bibliotek (3), Samnanger bibliotek, Kvam bibliotek, Etne bibliotek
September 2018	Next Library – konferanse	Berlin, Tyskland	1 deltakar: fylkesbiblioteket
April 2019	Fem dagars studietur til ni bibliotek	Danmark	9 deltakarar: fylkesbiblioteket (2), Kvinnherad bibliotek, Voss/Granvin bibliotek, Askøy bibliotek, Bømlo bibliotek, Vaksdal bibliotek, Fjell folkeboksamling, Bergen Off. bibliotek
Juni 2019	Next Library – konferanse	Århus, Danmark	1 deltakar: Bergen Off. Bibliotek

Det har blitt laga rapportar etter studieturane i Nederland og Danmark, som er publisert her:

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/fylkesbiblioteket/nederlanderasmus.pdf>
(rapport frå Danmark blir publisert 29.05)

Det er søkt om midlar Erasmus+ Mobilitet for vaksenopplæring 2019 – 2021. Det vart 25.mai gitt uformell melding om tildeling til fylkesbiblioteket på 39 350 Euro til 26 mobilitetar.